

Elevane sitt skulemiljø

Kapittel 9a i opplæringslova



LÆRINGSMILJØET



Opplæringslova:

Det fullstendige namnet er «Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (grunnskolelova)».

Opplæringslova: <http://www.lovdatab.no/all/nl-19980717-061.html>

Opplæringslova kapittel 9a: Elevane sitt skulemiljø

Kapittelet presiserer at kvar enkelt elev har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø. Dersom elevane meiner at rettane deira ikkje er sikra, kan dei sjølve eller foreldra deira be skulen retta opp moglege brot på lova. Oppmodinga skal behandlast som eit enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova. Den som kjem med oppmodinga, har rett til å klaga på enkeltvedtaket dersom han eller ho ikkje er fornøgd med det.

Rettleiar om kapittel 9a: <http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/veiledninger/045051-990068/dok-bn.html>

Opplæringslova § 11-1a og 11-5a: Skulemiljøutval

Lovparagrafane inneheld føresegnar om at alle skular skal ha eit skulemiljøutval. Skulemiljøutvalet skal medverka til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra blir aktivt med i arbeidet for å skapa eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet

kan uttala seg om alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9a.

Forvaltningslova:

Det fullstendige namnet er «Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)». Føremålet med lova er å gje den enkelte større rettstryggleik i møtet med den offentlege forvaltninga. Lova inneheld saksbehandlingsreglar som er nyttige også for forvaltningsstyremaktene. Mellom anna pålegg ho skulen å informera foreldre og elevar om rutinane for enkeltvedtak, og at det er høve til å klaga på slike vedtak.

Forvaltningslova: <http://www.lovdatab.no/all/nl-19670210-000.html>

Kommunehelsetenestelova med "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.":

Her har helsestyremaktene formulert konkrete krav til det fysiske og psykososiale miljøet i skolen. Desse føresegnene og kapittel 9a utfyller kvarandre og bør difor vurderast i samanheng.

Kommunehelsetenestelova: <http://www.lovdatab.no/all/nl-19821119-066.html>

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.: <http://www.lovdatab.no/for/sf/hd/hd-19951201-0928.html>

Skuleeigaren: Skuleeigaren har eit overordna ansvar for skulane. Som regel er det kommunane som eig grunnskulane, medan fylkeskommunen er skuleeigar for den vidaregåande opplæringa. I tillegg finst det private skuleeigarar for friskular både på grunnskulenivå og på vidaregåande nivå. Rektor representerer skuleeigaren på den enkelte skulen.



Elevane si «arbeidsmiljølov»

Kapittel § 9a i opplæringslova om elevane sitt skulemiljø slår fast at «alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring». Saman med lovparagrafane 11-1a og 11-5a gjev kapittel 9a elevar og foreldre medråraderett i forhold som gjeld skulemiljøet, og rett til å klaga dersom skuleeigaren ikkje tek oppmodingar alvorleg. Skuleeigaren og skulen har tydelege plikter når det gjeld rutinar og tiltak som skal sikra elvane gode og helsefremjande arbeidsforhold.

Skulemiljøet har mykje å seia for trivselen og læringsresultata til elevane. Det er elevane sjølve som veit om, og som bør seia frå om forhold som bør betrast ved skulemiljøet. Føremålet med denne brosjyren er å gje elevar og foreldre informasjon om § 9a i opplæringslova, kva for rettar elevar og foreldre har, og korleis ein kan gå fram for

å melda frå om, eventuelt klaga på forhold ein ikkje er fornøgd med. Skulane skal arbeida systematisk med å følgja opp elevane sitt skulemiljø, og dei skal ha sett i verk tiltak for å følgja opp dei nye krava i opplæringslova.

Lova er til for å brukast! Bruk henne!



Opplæringslova § 9a-1:

Generelle krav

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

1. april 2003 fekk kvar enkelt elev i grunnskulen og den vidaregåande skulen ein lovfesta rett til eit godt skulemiljø. Alle som opplever at inneklimatet eller andre forhold ved alt frå skulebygningen til skuleplassen gjev dei ubehag, kan venda seg til skulen og be om at feil og manglar blir retta opp. Like eins kan alle som kjenner ubehag ved at dei blir utsette for krenkjande ord og handlingar, som mobbing, vald, diskriminering, rasisme og utestenging, venda seg til skulen og be om at noko må bli gjort. Både elevar og foreldre kan venda seg til skulen og

be om at feil og manglar ved skulemiljøet blir retta opp. Det bør dei gjera skriftleg.

Skulen pliktar å ta oppmodinga alvorleg og behandla henne etter saksbehandlingsreglane i forvaltningslova. Det inneber at skulen så snart som råd skal ta stilling til oppmodinga ved å gjera eit enkeltvedtak. Den som har bede om tiltak, skal få skriftleg melding om enkeltvedtaket. Dersom eleven eller foreldre ikkje er fornøgde med innhaldet i vedtaket, kan dei klaga. Det er òg mogleg å klaga dersom

Alle elevar har endeleg fått ein lovfesta rett til eit godt fysisk og psykososialt skulemiljø. Både elevar og foreldre bør venda seg skriftleg til skulen dersom dei meiner at skulen ikkje tek vare på dei rettane elevane har etter kapittel 9a i opplæringslova.

Elevar og foreldre kan senda ein klage til skulen dersom dei meiner at skulen ikkje tek brevet deira alvorleg.

skulen ikkje reagerer på oppmodinga. Klagen skal behandlast av skulen/skuleeigaren. Dersom klagaren ikkje får medhald, skal skulen/skuleeigaren senda klagen vidare til fylkesmannen.

Dersom fylkesmannen gjev klagaren medhald, må skulen retta seg etter dei pålegga som fylkesmannen gjev.

Kapittel 9a pålegg skulen å arbeida kontinuerleg for å sikra at skulemiljøet fremjar helse og tryggleik for elevane. Skulen skal engasjera elevane i planlegging og gjennomføring av tiltak som betrar helsa, miljøet og tryggleiken, og elevar og foreldre skal vera med i dette arbeidet. Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, elevrådet og foreldrerådet skal heile tida vera orienterte om det som er viktig for skulemiljøet, mellom anna hendingar, planar og vedtak. Elevrådet kan oppnemna skulemiljørepresentant(ar). Dei har rett til å få opplæring slik at dei kan vera aktivt med i arbeidet

med å utvikla skulemiljøet. Foreldre skal òg trekkjast inn i arbeidet.

Alle skular skal i tillegg ha eit skulemiljøutval, der elevane og foreldre er i fleirtal i grunnskulen, og der elevane er i fleirtal i den vidaregåande skulen. Skulemiljøutvalet skal medverka til at dei tilsette, elevane og foreldre blir aktivt med i arbeidet for å skapa eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet kan uttala seg om alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9.a.

På dei neste sidene gjer vi først greie for kva vi meiner med det fysiske miljøet og deretter det psykososiale skulemiljøet. Så tek vi med eit par døme på korleis du som elev eller forelder kan utforma ei oppmoding til skulen for å få retta opp manglar ved det fysiske eller det psykososiale skulemiljøet. Du finn òg eit døme på korleis du kan utforma ein klage dersom du ikkje får svar frå skulen – eller dersom du får eit svar du ikkje er fornøgd med.



Opplæringslova § 9a-2:

Det fysiske miljøet

Opplæringslova § 9a-2 første ledd

Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet på skulen vil kort seia korleis skulebygningen og uteområda på skulen fungerer. Sidan alle elevar har rett til eit godt fysisk miljø, må lysforholda i undervisningsromma og gangane vera gode. Det må ikkje vera for mykje støy. Det må ikkje vera for varmt eller for kaldt inne. Lokala der elevane held til, skal vera reine og hygieniske. Lufta skal vera frisk og god å pusta i og ikkje innehalda farlege stoff eller gassar. Både ute- og inneforholda skal vera trivelege og slik utforma at risikoen for at elevane skal skada seg, er

liten. Ute- og inneområda skal vera slik utforma at alle elevar kan vera fysisk aktive utanom undervisningsromma. Det skal vera tilgang til reint drikkevatt utanom toaletta, og det skal vera gode rammer rundt skulemåltidet.

Skulen skal ha eit systematisk opplegg for å kontrollera at han oppfyller krava frå styresmaktene til det fysiske miljøet for elevane. Dette kallar vi internkontroll. Krava frå styresmaktene står i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

Dersom ein eller fleire elevar meiner at skulen har eit fysiske skulemiljø som gjev dei ubehag, kan dei sjølve eller foreldra venda seg skriftleg til skulen. I brevet skal dei peika på det som ser ut til å vera i vegen med det fysiske skulemiljøet, og gjerne koma med framlegg til kva som bør gjerast. Skulen må gjera eit enkeltvedtak når det kjem eit slikt brev.

Dersom det ikkje blir gjort, eller dersom dei som sende brevet, ikkje er fornøgde med vedtaket, kan dei klaga på vedtaket.

m.v.» og i rettleiinga frå Sosial- og helse-direktoratet til denne forskrifta. Skulen må kunna dokumentera at det fysiske miljøet tilfredsstillir desse krava.

Alle kan venda seg til skuleleiinga og be om å få ei oversikt over dei ulike sidene ved skulemiljøet og dei planane og rutinane skulen har for å gjera det fysiske miljøet endå betre.

Alle som er tilsette på skulen, skal gjera sitt til at det fysiske miljøet er godt. Likevel er dette først og fremst eit leiaransvar. Leiinga har eit spesielt ansvar for at internkontrollen registrerer når det fysiske miljøet er for dårleg. Det skal vera rutinar for å betra miljøet når det trengst, og for å vurdere effekten av tiltak som ein set i verk for å betra miljøet. For somme delar av det fysiske miljøet er det enkelt å måla om miljøet er godt eller dårleg. Dette bør interessera alle elevar, og skulen bør gje elevane opplæring slik at dei sjølve kan måla mel-

lom anna lysforhold, støy, luftkvalitet og temperatur. Ei forklaring på korleis dette kan gjerast, finst på nettstaden www.miljolare.no/skolemiljo.

Dersom elevar opplever ubehag som dei meiner har samanheng med det fysiske miljøet, kan foreldra eller elevane sjølve be skulen om tiltak for å betra forholda. Ei slik oppmoding bør vera skriftleg og skal behandlast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom den som bed om tiltak, ikkje er fornøgd med enkeltvedtaket som skulen gjer, eller skulen ikkje gjer enkeltvedtak innan rimeleg tid, har han eller ho rett til å klaga. Klagan på enkeltvedtaket skal stilast til fylkesmannen, men skal sendast til skulen slik at skulen/skuleeigaren kan behandla han. Dersom skulen/skuleeigaren ikkje gjev klagaren medhald, skal klagan sendast vidare til fylkesmannen så snart som råd.



§ 9a–3: Det psykososiale miljøet

Opplæringslova § 9a–3 andre ledd

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Det psykososiale miljøet på skulen handlar om korleis tilsette og elevar oppfører seg mot kvarandre på skulen. Det lèt seg ikkje gjera å laga detaljerte reglar og forventningar til all åtferd, men alle elevar har ein individuell rett til å ikkje bli sjikanerte gjennom krenkjande ord og handlingar, som **mobbing, vald, rasisme, diskriminering og utestenging**. Det vil seia at alle som arbeider på skulen, pliktar å syta for at ikkje ein einaste elev blir utsett for slike ord og handlingar. Skuleleiinga skal sjå til at rutinane ved skulen er så gode at even-

tuelle krenkingar kan bli avslørte raskt, og at tiltaka for å rydda opp i slike problem er effektive. Internkontrollen skal dessutan syta for at alle krenkingar blir registrerte, og at effekten av tiltaka blir vurdert.

Både elevar og foreldre kan venda seg til skuleleiinga og be om ei oversikt over mobbing, vald, rasisme, diskriminering og utestenging. Dei kan òg be om å få sjå kva for skriftlege planar skulen har for å handtera desse problema.

Dersom ein eller fleire elevar kjenner seg sjikanerte av krenkjande ord eller handlingar utan at skulen grip inn og stoppar krenkingane, kan dei sjølve eller foreldra venda seg skriftleg til skulen/skuleeigaren.

Brevet bør peika på kva eleven kjenner seg krenkt av.

Skulen må gjera eit enkeltvedtak når det kjem eit slikt brev.

Dersom det ikkje blir gjort, eller dersom dei som sende det, ikkje er fornøgde med vedtaket, kan dei klaga på vedtaket.

Vald vil seia at nokon bruker fysisk makt for å skada andre.

Rasisme vil seia at somme blir behandla annleis eller plaga, til dømes fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk.

Diskriminering inneber at ein person blir dårlegare behandla eller trakassert, til dømes på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav (nasjonalt eller etnisk).

Utestenging vil seia at ein elev så godt som alltid blir halden utanfor ei gruppe eller ein klasse.

Mobbing inneber at ein eller flere elevar seier eller gjer vonde og ubehagelege ting mot ein annan elev. Ved mobbing skjer dette fleire gonger, og den som blir utsett, har vanskeleg for å forsvara seg.

Både vald, rasistiske utsegner, diskriminering og utestenging kan vera krenkingar som blir nytta i mobbing gong på gong og over tid, og går ut over eit offer som ikkje kan forsvara seg.

Det er ikkje alltid lett å skilja mellom dei krenkingane som er omtala i § 9a–3. Lista ovanfor gjev ein liten pekepinn. Det viktigaste er å hugsa at alle elevar har rett til å ikkje bli utsette for krenkjande ord og handlingar, og at alle tilsette på skulen pliktar å reagera dersom dei får kjennskap til eller mistanke om at elevar blir utsett for slikt. Dei skal undersøkje saka, varsla skuleleiinga og om det trengst, gripe direkte inn sjølve. Leiinga har plikt til å arbeida ut gode planar mot krenkingar – og å informera både elevar og foreldra om rettane deira i samband med det!

Døme på brev som gjeld oppmodingar

Dersom du som elev eller forelder har noko å utsetja på det fysiske eller det psykososiale miljøet på skulen, kan du ta kontakt med skulen. Dersom du meiner at skulen ikkje gjer nok for å hjelpa deg, vender du deg skriftleg. Eit slikt brev kan utformast som i døma nedanfor.

Når du meiner at **det fysiske miljøet** på skulen verkar hemmande (jf. opplæringslova § 9a–2), kan du ordleggja deg slik:

14. mars. 2007

Til rektor

Som føresett til Herdis gjer eg merksam på at ho kvar dag kjem heim frå skulen med rennande auge og nase. Ho er støvallerjikar og treng eit godt reingjort miljø. Eg viser til § 9a–2 i opplæringslova og bed skulen gjera greie for kva som vil bli gjort for å betra forholda.

Helsing
Føresett

14. mars. 2007

Til rektor

I timane er eg plagd av rennande nase og auge på grunn av støvallergi. Eg bed om at reinhaldet i undervisningsromma tek omsyn til det.

Helsing
Elev

Når du meiner at **det psykososiale miljøet** på skulen verkar hemmande (jf. opplæringslova § 9a–3), kan du ordleggja deg slik:

14. mars. 2007

Til rektor

Som føresett til Jørgen gjer eg merksam på at han blir utsett for mobbing av nokre elevar på skulen (eller i gruppa/klassen). Eg viser til § 9a–3 i opplæringslova og bed skulen gjera greie for kva som vil bli gjort for å stoppa mobbinga av son min.

Helsing
Føresett

Skulen pliktar å behandla brev etter reglane i forvaltningslova og svara raskt, seinast innan fire veker, i samsvar med god forvaltningsskikk. Men same kva svaret blir, skal skulen gjera merksam på at det er eit enkeltvedtak, og at du har rett til å klaga på vedtaket, og forklara korleis du skal gå fram dersom du vil klaga.

Døme på klagebrev

Dersom du er misfornøgd med svaret frå skulen, eller du ikkje har fått svar innan fire veker, kan du klaga på vedtaket. Klagen rettar du til fylkesmannen, men klagebrevet skal leverast til skulen slik at skulen eller skuleeigaren får høve til å ta stilling til saka ein gong til. Ein klage på enkeltvedtak som skulen har gjort

etter ei skriftleg oppmøding om å betra **det fysiske miljøet** (jf. opplæringslova § 9a–2), kan sjå slik ut:

14. mars. 2007

Til fylkesmannen

Som føresett til Herdis har eg, ved å visa til § 9a–2 i opplæringslova, bede skule om å betra reinhaldet der for dotter mi, som er støvallerigisk. Eg er misfornøgd med svaret frå skulen fordi det ikkje inneheld eit einaste truverdig tiltak som kan få slutt på plagene hennar. Eg meiner at dette må gjerast:

Helsing
Føresett

einaste truverdig tiltak som kan få slutt på mobbinga. Eg meiner dette må gjerast:

.....

Helsing
Føresett

Skulen må no ta stilling til klagen og gje eit svar. Dersom skulen kjem klagaren i møte, sluttar saka der. Dersom skulen ikkje vil gjera endringar, går saka til skuleeigaren og vidare til fylkesmannen.

Fylkesmannen har mynde til å avgjera om skulen har oppfylt krava i kapittel 9a i opplæringslova eller ikkje. Dersom fylkesmannen finn at skulen har gjort det, får skulen pålegg om å setja i verk nødvendige tiltak straks.

Eventuelt:

Det er no meir enn fire veker sidan eg skreiv til skulen. Eg har purra, men har enno ikkje fått svar.

Ein klage på enkeltvedtak som skulen har gjort etter ei oppmøding om å betra det psykososiale miljøet (jf. opplæringslova § 9a–3), kan sjå slik ut:

14. mars. 2007

Til fylkesmannen

Som føresett til Jørgen har eg, ved å visa til § 9a–3 i opplæringslova, bede skule om å få slutt på mobbinga av son min. Eg er misfornøgd med svaret fordi det ikkje inneheld eit

Skulen har i dag meldt frå om at son min blir utsett for mobbing. Eg bed om at det blir sett inn tiltak for å få slutt på dette.

I alle høve gjev kapittel 9a i opplæringslova – «elevane si arbeidsmiljølov» – kvar enkelt elev ein individuell rett til eit godt skulemiljø.

Lova er til for at ho skal brukast. Bruk henne!



Skulemiljøutval og brukarmedverknad

Det er lovfesta at alle offentlege skular skal ha eit skulemiljøutval. Denne føresegna skal sikra at elevar og foreldre er aktivt med i arbeidet med skulemiljøet. Mandatet for skulemiljøutvalet er formulert i opplæringslova i § 11-1a Skulemiljøutval ved grunnskolar og § 11-5a Skulemiljøutval i vidaregåande skolar.

Grunnskulen

§ 11-1a i opplæringslova slår fast at elevar og foreldre skal utgjera fleirtalet i skulemiljøutvalet i grunnskulen. Dersom samarbeidsutvalet¹ skal fungera som skulemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar som sikrar elevar og foreldre fleirtal.

¹ § 11-1 Samarbeidsutval ved grunnskolar
Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

Den vidaregåande skulen

§ 11-5a i opplæringslova slår fast at elevane skal utgjera fleirtalet i skulemiljøutvalet i den vidaregåande skulen. Dersom skuleutvalet² skal fungera som skulemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar som sikrar elevane fleirtal.

² § 11-5 Skuleutval ved vidaregåande skolar
Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit skuleutval med representantar for dei tilsette og fylkeskommunen og to representantar valde av elevrådet. Rektor ved skolen skal vere representant for fylkeskommunen. Skuleutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

§ 11-1a. Skulemiljøutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skulemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skulemiljøutval, må det oppnemnst tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skulemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar aukast tilsvarande.

Skulemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9a.

§ 11-5a. Skulemiljøutval ved vidaregåande skolar

"Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet skal elevane, dei tilsette, skoleleiinga og fylkeskommunen vere representerte. Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane er i fleirtal.

Skoleutvalet kan sjølv vere skulemiljøutval. Når skoleutvalet fungerer som skulemiljøutval, må det oppnemnst ein eller fleire tilleggsrepresentantar for elevane, slik at dei får fleirtal.

Skulemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette og elevane tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9a."

Som representant for skuleeigaren er det rektors ansvar å sjå til at skulemiljøutvalet blir oppretta, og at det blir lagt til rette for at elevrådet vel representantar til utvalet. Rektor skal syta for at alle deltakarane i utvalet får opplæring og støtte, slik at brukarmedverknaden fungerer godt. Rektor har ansvar for at skulemiljøutvalet får vera med i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet som skulen driv for å kvalitetssikra dei fysiske og psykososiale sidene ved kultur og miljø. Skulemiljøutvalet har ein rådgjevande funksjon overfor rektor, og kan be om at det blir sett i verk tiltak for å sikra eit godt skulemiljø. Skulen skal behandla slike saker etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Eit godt fungerande skulemiljøutval er viktig for å kvalitetssikra arbeidsmiljøet til elevane.

Kven har ansvaret for at det fysiske og psykososiale skulemiljøet er godt?

- Kommunen/fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova blir oppfylte, jf. § 13-10 i opplæringslova.
- Skuleleiinga/rektor har ansvar for at krava i kapittel 9a i opplæringslova om godt fysisk og psykososialt skulemiljø blir varetekne i det daglege arbeidet.
- Skuleleiinga/rektor har ansvaret for at brukarmedverknaden fungerer slik det er gjort greie for i kapittel 9a og § 11-1a og 11-5a i opplæringslova.
- Fylkesmannen har ansvar for å føra tilsyn med at kommunane oppfyller føresegnene i opplæringslova.
- Kvar enkelt elev og forelder og kvart enkelt lovfesta råd og utval kan be om tiltak.
- Kvar enkelt elev og forelder og kvart enkelt lovfesta råd og utval kan klaga dersom ei oppmoding om tiltak ikkje blir behandla eller ikkje blir sett i verk.
- Fylkesmannen skal behandla klagar frå elevar, foreldre og lovfesta råd og utval.
- Skulen sine råd og utval har rådgjevande funksjon overfor skuleleiinga.

Kolstadgata 1
Postboks 2924 Tøyen
0608 OSLO

Telefon 23 30 12 00
Telefaks 23 30 12 99

Internett: <http://www.utdanningsdirektoratet.no>
E-post: post@utdanningsdirektoratet.no